

REGLAR FOR PÅMELDING / DELTAKING PÅ HANDVERKSMESSA I JONDAL 24. - 26. juni 2016

PÅMELDING / BETALING

1. Dei som ynskjer å delta på Handverksmessa sender inn utfylt søknadsskjema. Skjema ligg på nettsida: www.handverksmessa.com/utstillar, men kan òg bestillast hjå messekoordinator - mobil 416 25 549.
2. Påmeldingsfrist er 1. februar. Registreringsavgifta på kr 650,- pr utstillar skal betalast inn til konto 3450.27.03309 når de sender inn skjema. Tildelingsbrev vert sendt ut innan 1. mai, saman med rekning for standleige. Dersom du ikkje får plass, står du automatisk på "venteliste" dersom nokon av dei som har fått plass skulle trekkja seg.
3. Dersom fleire utstillarar deler ein stand, må registreringavgifta gangast med antal utstillarar. Unntak er husflidslag. Dei betalar som om dei er ein person; oppføring i messeavisa og servicebetingelsar elles tilsvarar det som ein personleg utstillar får.
4. Frist for betaling av standleiga er 15. mai. Dersom fristen ikkje vert halden, risikerer ein at plassen vert tildelt andre.
5. For dei som trekkjer seg etter at standleige er betalt, kan den refunderast dersom vi finn ein annan utstillar som fyller kriteria for deltaking. Registreringsavgifta vert ikkje refundert då den dekker vår administrasjonskostnad.

KRITERIA FOR PLASSTILDELING / LODDSALG / UTDELING AV REKLAMEMATRIELL

6. I tillegg til god kvalitet, ynskjer vi å prioritera mangfaldet innan husflid og handverk, slik at flest mogleg teknikkar vert representert på messa. Ved plasstildeling prioriterer vi dei som har dette som næring, samstundes om vi ynskjer å stimulera unge og nye handverksprodusentar som vil utvikla seg frå hobby til næring.
7. Kun eigenproduserte eller varer produsert i samarbeid med andre handverkarar i Norge er tillatt. Kopi av evt godkjenning frå Mattilsynet skal leggjast ved søknaden.
8. Organisasjonar som ynskjer å selja lodd under messa, må søkja messestyret om løyve minst 3 veker før arrangementet tek til. Som hovudregel kan ikkje loddsal føregå inne på sjølve messeområdet.
9. Det er ikkje tillete å dela ut reklamematriell o.l. som ikkje refererer seg til produkta som vert seld under messa, jfr punkt 7.

ANSVARSTILHØVE

10. Utstillar pliktar å halda sin stand betjent når messa er open for publikum.
11. Arrangør syter for reinhald av innan- og utandørs publikumspassasjar. Reinhald av stand er den enkelte utstillar sitt ansvar.
12. Arrangør syter for normalt vakthald frå opprigginga byrjar torsdag ettermiddag til demonteringa er ferdig søndag kveld, men påtek seg ikkje ansvar for utstilte varer og eventuelt utstyr. Utstillar må sjølv syta for naudsynt forsikring.
13. Standen skal leverast rydda og fri for spiker, dekorasjonar o.l. Utstillar er ansvarleg for skader utover normal slitasje.
14. Alle utstillarar er bundne av dette regelverket. Messestyret avgjer med bindande verknad evt tvistar om forståing av reglane.